

Til heimane

Godt nyttår til alle 😊

## VEKEPLANANE

12. desember lanserte Radøy kommune nye nettsider. Me kan difor ikkje lenger leggja vekeplanane ut på heimesida vår.

Frå og med måndag 7. januar vert vekeplanane difor sende ut til dykk på mail - via Visma.

Det er viktig at me har mailadressene til alle heimar, og at dei er riktige. Difor ber me alle følgja med om de mottar mail med vekeplan, og meld frå om dette ikkje skjer. Me har mailadr til dei aller fleste, men manglar nokre. Om berre ein av foreldra får mailen, og begge ynskjer dette, må de meld frå til kontaktlærar og oppgje mailadressa.

Elevane vil som tidlegare få vekeplanane i papirutgåve og.

Skulane har også fått ny læringsplattform – CANVAS. Frå nyttår er It's learning ikkje lenger tilgjengeleg. På sikt kan det henda vekeplanane vert lagde ut her, men her er ikkje alt tilrettelagt endå.

Mvh Inger Morken Ellingsen (rektor)